



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034  
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato  
10.10.2016  
Dykkar dato  
20.09.2016

Vår referanse  
2016/10309 421.0  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Offentleg ettersyn - Radøy - Kommunal planstrategi - 2016 - 2020

Vi viser til brev av 12.09.16 og kommunal planstrategi til offentleg ettersyn. Frist for uttale er 20.10.16.

Radøy formannskap gjorde i møte 30.08.16 følgjande vedtak i sak 064/2016 (Framlegg til Kommunal planstrategi for Radøy kommune 2016- 2020): «*Formannskapet i Radøy gjev rådmannen mandat til å ferdigstilla dokumentet i samsvar med drøftingar i møtet og legga Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.*» Framlegg til kommunal planstrategi for planperioden 2016-2020 er justert i samsvar med drøftinga i formannskapet og innspel frå sektorane. Teknisk forvaltning har koordinert arbeidet med strategien. Det er utført arbeidsmøte og gjensidig informasjonsarbeid både politisk og administrativt. I samsvar med reglane i plan og bygningslova § 10-1 vert det med dette kunngjort offentleg høyring og ettersyn av framlegget.

Planstrategi er eit krav til kommunane etter plan- og bygningslova (tbl.) § 10-1. Kommunal planstrategi skal setja søkjelys på dei planoppgåvane det er behov for å starta opp eller vidareføra. Den kan etter behov vera kortfatta eller utarbeidast meir omfattande.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging skal leggjast til grunn når kommunane prioriterer planbehova sine. Dei nasjonale forventningane har som føremål å fremja ei berekraftig utvikling, og omfattar tema som klima og energi, by- og tettstadutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

Hovudtema i dei nasjonale forventningane bør drøftast i planstrategien. I tillegg bør den romma ei skildring av utviklingstrekk og noverande situasjon i kommunen, jf. tbl. § 10-1 første ledd, andre pkt.

Framlegget som vi har motteke til offentleg ettersyn dekkjer krav og retningsliner for kva ein planstrategi skal omfatta. Vi merkar oss likevel nokre moment som bør vurderast tatt inn i arbeidet:

#### Bustadar:

Når det gjeld bustadbygging, ser det ut til at kommunen satsar på einebustader for familiar og fortetting av bustader for einslege og barnlause. Dette ser ut som segregering, ikkje integrering. Vi ber kommunen om å planlegge med større variasjon i bustadbygginga som for

eksempel; tomannsbustadar, leilegheiter, etc., slik at fleire har moglegheit til å koma inn på bustadmarknaden, mellom anna flyktningar. Etter vår vurdering vil bustadbygginga slik den er planlagd i strategien, føra til eit større sosialt skilje mellom befolkningsgruppene.

### **Folkehelse:**

Fylkesmannen vil vidare gjere merksam på at folkehelselova §§ 5 og 6 stiller krav om at ei skriftleg oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne, skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi:

*«En drøfting av kommunens folkehelseutfordringer bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.»*

Vi kan ikkje sjå at dette kravet er innfridd i framlegget til planstrategi. Vi minner samstundes om at Helsedirektoratet har gjeve ut ein eigen rettleiar for dette arbeidet: *IS-2110: God oversikt - en forutsetning for god folkehelse. En veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer.*

De skriv i framlegget: «Fylkesprognosene for Hordaland 2016 viser stort behov for einebustadar fram mot 2040. Samstundes er det ynskjeleg med auka fortetting med meir konsentrerte bustadformer. Framskrivinga viser at behovet er stort for bustadar til einslege og par utan born. For **denne gruppa** ligg eit stort fortettingspotensiale.» (Vår uteving.) Vi går ut frå at dette ikkje betyr planlegging av ulike bustadområde for familiar med og utan barn. Målet med fortetting må vere å bygge inkluderande fellesskap for ei blanda befolkning på tvers av alder, sivilstatus, etnisitet og funksjonsevne.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*